Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Strandebarm

Emne: Lyngjing og ~~Lauving~~ Mosing

Bygdelag: Omastrand

Oppskr. av: Andr. Oma, lærar h. v.

Gard: Oma

(adresse): Omastrand

G.nr. 38 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja .. 73 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Lyngjing.

A. Lyng blir sanket:

1. Det er ingen som sankar lyng no her. Heller ikkje under siste krigen. Lyngskjering vart meir og meir ikring 1870-80.

2. Den tid sanka lyng her var det alltid mot våren. Det er sovidt eg minnest det, at folk reiste og skulde lynga. Finaste lyngen fann dei på nordaustsida på Varaldsøy. Det var då gjerne fleire i lag og rodde over fjorden frå Omastrandi og skar lyng. (Ein ørgteig på den kanten av Varaldsøy høyrde til eit bruk på Omastrandi den tid.) Fann stundom ei kjipa lyng her i ein uegi utmarks gro.

3. Reidskapen dei brukte, var sigd (eller ein liten vanleg ljå ogso).




4. Det var serleg kvinnfolki som lynga.

5. Kjenner ikkje til nokon regel for dette.

6. På vanleg byrdetog, i kjipa (eller sekk).

7. Som regel vart lyngen oppbrukt straks her på våre kantar; det var normaal (eller heldt) hjelpefor.

8. Det var serleg kyrne som fekk lyng. Dei andre spørsmåli under 8 kan ikkje svara på; veit det ikkje.

1954

Emne nr. 10.

Andre blad.

A. Framhald frå fyrste blad.

9. Lyng (röslyng) var visst rekna for eit godt hjelpefôr; kyrne åt den godt. –

B. Lyng som beite.

1) 2) 3) 4) Gardane ligg slik til her at det fell ulagleg å jaga dyri til beite på lyng, so nær som ein gård, der utmarki med lyng ligg meir lagleg til på den måten: Der har dei sauene ut i marki når det er snöfritt, og det er dess meir ljust i den utmarki – ved sjöstrandi. Sauene likar dette godt – og har godt av det i fint ver.

II. Mosinga.

1 til 12: Har ikkje sett eller höyrt om at folk her har sanka mose til fôr noko tid.

Annan mose.

1. Har höyrt at dei av og til har henta mose til grisefôr, kokt – eller slege kokande vatn på til grisegraut; men det er berre likesom ved eit slumpehöve.
2. Skjeggelav på furu- eller grantre vert ikkje heller nytta til fôr – korkje fyrr eller no, so vidt eg veit.

Oma 7/10 – 48
Rolf Oma

1954
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING